



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 30.04.2019
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	U
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service

SAKLISTE

- | | |
|-----------------|---|
| Saksnr. | Sak |
| PS 51/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 52/19 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| OS 47/19 | Orientering om ny politisk møtemodul og bruk av eige datautstyr i politiske møte |



VOLDA KOMMUNE

- PS 53/19** **Høyring og utlegging til offentlig ettersyn av Arealdelen-Planid 2016005**
- OS 48/19** **Hospitering i kommunen for politiske representantar**

PS 51/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 8 møtande.

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Rådmannen vil informere om hospitering i kommunale tenester.

Sektorsjef for kultur og service Inger-Johanne Johnsen vil orientere om ny møteportal og bruk av eige datautstyr i politiske møte.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå administrasjonen, vart samrøystes godkjent.

PS 52/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slik merknad til protokollen i sak PS 47/18 godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte. Rett sitat skal vere:

«Kostnadane må vere avklart før ein ber Statens vegvesen utarbeide eit forslag til bompengesøknad».

Røysting:

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent, med merknad frå Odd A. Folkestad.



OS 47/19 Orientering om ny politisk møtemodul og bruk av eige datautstyr i politiske møte

Sektorsjef for kultur og service, Inger-Johanne Johnsen, orienterte om innføring av ny politisk møtemodul. Det vart vidare informert om mogleg endring i praksis kring innkjøp av kommunale nettbrett til politiske representantar, samt godtgjersle for bruk av eige datautstyr i møte.

PS 53/19 Høyring og utlegging til offentleg ettersyn av Arealdelen- Planid 2016005

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med framlegg om alternativ røysting over arealbruken for Langeteigen BOP 67. Alternativ 1 (offentleg og privat tenesteyting BOP 67) og alternativ 2 (sentrumsformål).

Odd A. Folkestad fremja framlegg om arealavgrensing for B111 som i orienteringa frå administrasjonen i formannskapsmøte 16.10.2018 sak 140/18, jf. utkast til plankart datert 09.10.2018.

Ordføraren kom med framlegg om alternativ røysting over arealbruken for Homberset alternativ 1 (BIA13 idrettsformål og LNF) og alternativ 2 (kombinert råstoffutvinning, idrettsformål, bustad).

Røysting (8 og 7 røysteføre):

Arealbruk for Langeteigen BOP 67 alternativ 2 vart samrøystes vedteken.

Rotset bustadformål B111- Det vart røysta over framlegget frå Odd A. Folkestad og tilrådinga frå administrasjonen vist i plankart datert 24.04.2019. Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fire røyster, tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster (Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal, Gunnar Strøm og Benedikte Holmberg) og vart vedteken med ordføraren si dobbeltrøyst.

Anders Egil Straume gjekk kl. 15:15.

Prøverøysting (7 røysteføre):

Det var prøverøysting over arealbruken for Homberset. Alternativ 1 fekk seks røyster og alternativ 1 fekk ei (Margrete Bjerkvik) røyst.

Endeleg røysting:

Alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

Anders Egil Straume møtte kl. 15:20.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 30.04.2019:

Langeteigen BOP 67 alternativ 2.

Rotset bustadformål B111 som vist i plankart datert 24.04.2019.

Arealbruken for Homberset alternativ 1 (BIA13 idrettsformål og LNF).

OS 48/19 Hospitering i kommunen for politiske representantar

Rådmannen informerte om at det har kome ynskje frå politiske representantar om hospitering i kommunen. Administrasjonen er positiv til hospitering, og ber interesserte politiske representantar om å ta kontakt med sektorsjefane i kommunen.

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
03.05.2019

Sonja Håvik
førstekonsulent